



Adresseliste


Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høyring av søknad om løyve etter forureiningslova - E16 Lærdalstunnelen - utslepp tunnelvaskevatt i driftsfase - Statens vegvesen

Statens vegvesen skal oppgradere E16 Lærdalstunnelen, arbeida startar hausten 2026. Statsforvaltar har regulert anleggsarbeida [med løyve etter forureiningslova](#) datert 14. oktober 2025.

Statens vegvesen søker no om løyve etter forureiningslova til utslepp av reinsa tunnelvaskevatt frå tunnelens driftsfase, når tunnelen er ferdig oppgradert. I samband med tunneloppgraderinga vil det bli bygd to sedimentasjonsanlegg for vaskevatt frå tunnelvask. Resipientar vil vere Aurlandselvi og Lærdalselvi.



Figur 1 Planområdet E16 Lærdalstunnelen inkl. utsleppspunkt for reinsa vaskevatt frå driftsfasen

Oppgradering av tunnelen vil inkludere forbetring av dagens reinseløysingane i samband med tunnelvask. Dette inneber at det blir etablert lukka sedimentasjonsanlegg både på Lærdals- og Aurlandssida.

Statens vegvesen har risikovurdert utsleppa ut frå omsyn til laks, sjøaure og andre kjende naturtypar og brukarinteresser og foreslår reinseløysningar og utsleppsgrenser for dei ulike forureiningane som oppstår i vaskevatt frå vask av tunnelar. Ved å følge desse krava til reinsing av vaskevatt frå



tunnelen, meiner Statens vegvesen at vassdraga ikkje vil bli permanent negativt påverka av utsleppa, og at dei økologiske og kjemiske miljømåla kan bli nådd.

Ber om eventuelle uttaler innan 20. februar 2026.

Statsforvaltaren sender søknad om løyve etter forureiningslova for utslepp av tunnelvaskevavn på høyring til offentlege instansar og aktuelle interesselag.

Statsforvaltaren ber om uttale til vedlagte søknadar seinast innan 20. februar 2026. Uttaler kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2024/18470.

Søknaden vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside:
<https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar>

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Søknad om løyve datert 13. januar 2026

Kopi til:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

2605

LILLEHAMMER

Statens vegvesen ved sakshandsamar

Mottakerliste:

Aurland kommune

Vangen 1

5745

AURLAND

Lærdal kommune

Øyraplassen 7

6887

LÆRDAL

Mattilsynet

Postboks 383

2381

BRUMUNDDAL

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Lærdal Elveeigarlag

Rolf Bjørum

Indre Sogn Vassområde

Lærdal Jakt- og fiskelag

Aurland jakt- og fiskelag